

Sjølvsstudium

Du må svare på éin oppgåve frå del I og éin oppgåve frå del II.

Del I

Vel oppgåve 1 eller 2. Begge underspørsmål (a og b) må ha eit svar.

1. Aristoteles har et teleologisk verdssyn.
 - a) Forklar dette synet, og særleg omgrepa form og stoff.
 - b) Korleis kjem Aristoteles sitt teleologiske verdssyn fram i hans etikk, dvs. i hans syn på lykka og korleis vi kan oppnå det gode liv?
2. Kunnskap og sikkerheit
 - a) Kva er kunnskap, ifølgje Wikfors?
 - b) I lys av di forklaring i a), er det mogleg å oppnå kunnskap som er fullstendig sikker, til dømes i matematikk? Diskuter i lys av minst ein annan tekst frå pensum (til dømes Descartes, Kant, Einstein).

Del II

Vel oppgåve 3 eller 4. Begge underspørsmål (a og b) må ha eit svar.

3. Kva inneber det å leve eit lykkeleg liv?
 - a) Gi ei forklaring av to ulike syn på kva det inneber å leve eit lykkeleg liv som finnast representert i pensum (til dømes Aristoteles, Mill, Benatar).
 - b) I lys av teoriane over, vil eit lykkeleg liv vere vanskeleg å oppnå? Gi argumenter for ditt syn.

Eller

4. I fyrste kapittel av *Utilitarisme* påstår Mill at når Kant forsøker å utleie faktiske moralske plikter frå det kategoriske imperativ, så mislykkast han i å vise at det er noko «kontradiktorisk, noe logisk [...] umulig i at alle fornuftsvesener valgte seg de grusomste moralske regler for handling. Det eneste han viser er at *følgene* av et slikt universelt valg ville være av en sådan art at ingen ville velge å utsette seg for dem».
 - (a) Forklar korleis Kant meiner at ein kan anvende det kategoriske imperativ til å utleie moralske plikter.
 - (b) Forklar kvifor Mill meiner han mislykkast og diskuter om Mill har rett.